

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Deres ref.	Vår ref.	Saksbehandler	Dato
	20/02461-4	Bodil Gjeldnes	09.10.2020

## Høring av forslag til lokal forskrift om påslepp til offentlig avløpsnett

For å hindre at fett, olje og andre uønska stoff kjem inn på kommunalt avløpsnett er Surnadal kommune i ferd med å utarbeide ei lokal forskrift på dette området. §15A-4 i den sentrale forureiningsforskrifta gir oss heimel til dette. Formålet er å beskytte avløpsnettet og unngå driftsproblem. Vi sender no eit forslag til lokal forskrift ut på høyring, for å få innspel til innhaldet, men og for å informere om at det vil bli nokre nye rutiner for bedrifter som har slikt påslepp.

Vi har grunn til å tru at dei fleste bedrifter med produksjon som gjør at det oppstår fett-, oljeholdig eller industrielt avløpsvatn, og som slepp dette inn på kommunalt nett, allereie har renseinnretningar for dette. Det har t.d. i lang tid vore eit krav med heimel i sentral forureiningsforskrift kap. 15 at verksemd som produserer oljeholdig avløpsvatn ikkje skal ha eit større utslepp enn 50 mg/l. Ein oljeutskillar skil då olje frå avløpsvatnet.

### Innhald i ny lokal forskrift

Det sentrale i den nye forskrifta er grenseverdiane for fett, olje, ulike stoff, temperatur og pH i §6. Verksemdar som har påslepp til kommunalt avløpsnett, og som har avløpsvatn som overskrid desse, skal ha renseinnretning som sørger for at grenseverdiane blir overhalde. Hvilke typer verksemd dette t.d. gjeld kjem fram i §4. I praksis betyr dette for dei fleste at olje- eller fettutskillar må installerast, hvis dette ikkje allereie er installert.

Det hjelper lite å ha ei renseinnretning hvis den ikkje fungerer som den skal. Med ny lokal forskrift blir det stilt slike krav:

- Det skal takast ut minst ein vannprøve pr. år frå utløpet av avskillaren (§8).
- Verksemdar som har renseinnretning skal inngå serviceavtale med uavhengig firma om service, driftskontroll og prøvetaking. Innan 1. februar kvart år skal Surnadal kommune motta dokumentasjon frå året før på at renseinnretninga er tømt og kontrollert, samt analyserapport for vannprøver (§9).

### Planlagt iverksetting

Lokal forskrift blir gjeldande frå 01.01.2021.

Verksemdar som allereie har renseinnretning:

- Ein treng ikkje søke om å behalde denne. Dokumentasjon på tømning, vedlikehald og analyserapport skal sendast til Surnadal kommune første gong innan 1. februar 2022.

**Postadresse**  
Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL  
**E-post**  
post@surnadal.kommune.no

**Besøksadresse**  
Bårdshaugvegen 1

**Telefon**  
+47 71 65 58 00

**Org.nr**  
964 981 892

<https://www.surnadal.kommune.no>

Verksemder som ikkje har rensennretning i dag:

- Rensennretning skal være på plass innan utløpet av 2021.

**Innspel til dette forslaget sendast til: [post@surnadal.kommune.no](mailto:post@surnadal.kommune.no) eller Surnadal kommune, Bårdshaugvegen 1, 6650 Surnadal**

**Frist: 9. november 2020**

Med hilsen

Bodil Gjeldnes  
Rådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*

Vedlegg:

Forslag til lokal forskrift om på slepp til avløpsnett datert 16.09.2020

Mottakere:

Svorka Energi AS  
Næss rør & interiør AS  
Nordmøre Folkehøgskole  
VÅRSØG RESORT AS  
SVEEN AUTO AS  
FØNIKS VASK OG RENS AS  
BREKKØYA CAMPING AS  
NAPOLI RESTAURANT DRIFT AS  
SVEEN MEKANISKE AS  
SOLLID MEK VERKSTED AS  
SELSKAPSARRANGØREN Tor Rune Halset  
SURNADAL NÆRINGSFORENING  
Kokkens.no AS  
Coop Extra Surnadal  
Surnadal servicesenter AS  
ReMidt IKS  
MIDT-NORGE MASKINSENTER AS  
ALTI FORVALTNING AS  
HELSE MØRE OG ROMSDAL HF SURNADAL AMBULANSESTASJON  
ØYANE LAKK OG KAROSSERI FRODE ØYANE  
CIRCLE K AS  
Comfort Surnadal  
Dalsegg transport AS  
Mesta AS avd Surnadal  
Norsk kvalitetsmat  
Roaldmoen AS

Rørservice AS  
Sentrum Motor AS  
Surnadal auto AS  
Surnadal lastebilverksted AS  
Surnadal vidaregåande skole  
T. Sylte bil  
Vy Buss AS